

Møteinnkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset
Dato:	08.12.2016
Tid:	12:00

NB: Leiar og nestleiar er bedne om å gi ei kort orientering om fylkeseldrerådet i fylkesutvalet sitt møte kl. 11.00 same dag.

Alle rådsmedlemene i fylke er velkomne til å vera til stades.

De må då møte seinast kl. 10.55 ved fylkesutvalssalen 3. etg.

Agenda for dagen:

Kl 10:55 – ca 11:30 Orientering for fylkesutvalet

Kl. 12:00 Sakshandsaming fylkeseldrerådet

Kl. 16:00 Juleavslutningsmiddag
Potetkjelleren Restaurant, Kong Oscars gate 1A, Bergen

Til dett møte har Inger M.Lingjerde meldt forfall. Kari Solberg er kalla inn som vara.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 41/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 42/16	Godkjenning av sakliste		
PS 43/16	Godkjenning av møteprotokoll førre møte (10.11.2016)	2016/9382	
PS 44/16	Referatsak (meldingar)		
RS 23/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017	2015/10845	
RS 24/16	Den kulturelle spaserstokken	2016/9382	
RS 25/16	Orientering om status for rekneskapen og andre mindre saker.	2016/9382	
PS 45/16	Andre utkast til handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019	2016/9382	
PS 46/16	Landskonferanse for fylkeseldreråd, Ålesund 22.-24. mai 2017	2016/9382	
PS 47/16	Ymse		

PS 41/16 Godkjenning av møteinnkalling

PS 42/16 Godkjenning av sakliste

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 10.11.2016
Tidspunkt: 09:30 – 15:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Himle	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Vara for Odd Himle kunne ikkje møte.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar
Dianne Kilvær	Spesialkonsulent
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 33/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 34/16	Godkjenning av sakliste		
PS 35/16	Godkjenning av møteprotokoll førre møte (22.09.2016)	2016/9382	
PS 36/16	Referatsak (meldingar)		
RS 18/16	Fagopplæring i Hordaland relatert til eldre	2016/9382	
RS 19/16	Orientering om arbeid med regional transportplan 2018-2029	2016/9382	
RS 20/16	Orientering frå pasient- og brukarombodet i Hordaland	2016/9382	
RS 21/16	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober	2015/10845	
RS 22/16	Evaluering av konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland 1.-2. november 2016	2016/9382	
PS 37/16	Møtekalender for fylkeseldrerådet 2017	2016/9382	
PS 38/16	Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015	2016/9382	
PS 39/16	Arbeid med handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019	2016/9382	
PS 40/16	Ymse		

PS 33/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

Vedtak

Møteinnkalling blei godkjent utan merknadar.

PS 34/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

Vedtak

Sakliste blei godkjent utan merknadar.

PS 35/16 Godkjenning av møteprotokoll førre møte (22.09.2016)

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner møteprotokoll for rådsmøte 22.09.2016 utan merknadar

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner møteprotokoll for rådsmøte 22.09.2016 utan merknadar.

PS 36/16 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

I samband med RS 18/16 «Fagopplæring i Hordaland relatert til eldre» orienterte rådgjevar Signe Eikeland frå fagopplæringsseksjonen i Opplæringsavdelinga.

I samband med RS 19/16 «Orientering om arbeid med regional transportplan 2018-2029» orienterte spesialrådgjevar Marte Hagen Eriksrud frå Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga.

I samband med RS 20/16 «Orientering frå pasient- og brukarombodet i Hordaland» orienterte pasient- og brukarombod Rune Skjælaaen.

Vedtak

Fylkeseldrerådet tek referatsakene 18 - 22 til orientering.

RS 18/16 Fagopplæring i Hordaland relatert til eldre

RS 19/16 Orientering om arbeid med regional transportplan 2018-2029

RS 20/16 Orientering frå pasient- og brukarombodet i Hordaland

RS 21/16 Større saker til politisk behandling 2. halvår 2016 – pr. oktober

RS 22/16 Evaluering av konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland 1.-2. november 2016

PS 37/16 Møtekalender for fylkeseldrerådet 2017

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek følgjande møtedatoer for 2017:

torsdag 2. februar / torsdag 6. april / torsdag 1. juni / torsdag 7. september / torsdag 26. oktober / torsdag 7. desember

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek følgjande møtedatoer for 2017:

2. februar / 30. mars / 1. juni / 14. september / 9. november / 7. desember

PS 38/16 Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

Vedtak

Fylkeseldrerådet godkjenner Årsmelding for fylkeseldrerådet 2015.

PS 39/16 Arbeid med handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at det vert lagt fram nytt utkast til handlingsplan 2016-2019 i fylkeseldrerådsmøte 8.desember.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at det vert lagt fram nytt utkast til handlingsplan 2016-2019 i fylkeseldrerådsmøte 8.desember.

PS 40/16 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 10.11.2016

PS 44/16 Referatsak (meldingar)



Notat

Dato: 24.11.2016
Arkivsak: 2015/10845-8
Saksbehandlar: stahaug

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017

Tabellen under viser saker som administrasjonen arbeider med og som det er planen å leggja fram for politisk behandling i løpet av 1. halvår 2017. For 2017 vil det verta lagt fram oversikt over større politiske saker to gonger, for første halvår i desember 2016 og for 2. halvår i juni 2017.

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Økonomi- og organisasjonsavdelinga							
Finansrapport 2016				22.-23.2.	7.-8.3.		
Finansrapport 1. tertial 2016				23.5.	13.-14.6.		
Tertialrapport 1. tertial 2016				23.5.	13.-14.6.		
Årsrekneskap 2016				23.5.	13.-14.6.		
Årsmelding 2016 Hordaland fylkeskommune				23.5.	13.-14.6.		
Temaplan likeverd							Dato ikkje fastsett
Opplæringsavdelinga							
Ny budsjettmodell		7.-8.2.		22.-23.2.	7.- 8.3.		
Evaluering karrieresenter		10.1.		26.1.	7.- 8.3.		
HFK sitt tilbud til minoritetsspråklege		9.5.		23.5.	13.-14.6.		
Regionalavdelinga							
Regional plan for areal- og transport i Bergensområdet – vedtak	16.5.	10.5.	9.5.	23.5.	13.-14.6	22.11.	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger – vedtak	15.2.	7.-8.2	8.-9.2.	22.-23.2.	7.-8.3.	22.11.	
Eigarskapsmeldinga				22.-23.2	7.-8.3	22.11.	
Fordeling av partnarskapsmidlar for 2017				26.1.		22.11.	

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Fylkesutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017				26.1.		22.11.	
Regional satsing på forskningsbasert innovasjon (tidlegare VRI)				26.1.		22.11.	
Fylkeskommunen sine innspel til jordbruksforhandlingane 2017				26.1.		22.11.	
Etablering av søknadsbasert ordning for næringsretta partnerskapsmidlar				22.6.		22.11.	
To vasskraftpakker (Odda og Voss)						22.11.	Første halvår 2017
Samferdselsavdelinga							
Bompengesøknad for Sotrasambandet			8.-9.2.	22.-23.2.	7.-8.3.		
Bymiljøavtalen			8.-9.2.	22.-23.2.	7.-8.3.		
Regional transportplan 1.gangs handsaming			11.01.	26.1.			
Regional transportplan 2.gangs handsaming			10.05.	23.5.	13.-14.6.		
Bybanen – byggjetrin 4			10.05.	23.5.	13.-14.6.		
Kommunedelplan kollektivsystem Bergen Vest			10.05.	23.5.	13.-14.6.		?
E39 – høyring statleg plan Os – Stord			10.05.	23.5.	13.-14.6.		
Tildeling av anbodspakke 2 på ferje				22.-23.2.			
Organisering av samferdselssektoren			8.-9.2.	22.-23.2.			
Masfjordbrua – teknisk/økonomisk forprosjekt			8.-9.2.	22.-23.2.			
Ny Alversund bru – framdrift			11.1.	26.1.			
Framkomsttiltak for buss – strekningsvise analysar			11.1.	26.1.			
Kvinnheradspakken			11.1.	26.1.			
Eigedomsavdelinga							
Rehabilitering fylkeshuset				22.-23.2.	7.-8.3.		
Kultur- og idrettsavdelinga							
Museumsløft 2017 – retningslinjer	15.2.			22.-23.2.			
Fylkeskommunalt investeringstilskot	16.5.			23.5.			
Tannhelse							Ingen saker

Saker	Utval for kultur, idrett og regional	Utval for opplæring og helse	Utval for miljø og samferdsel	Kontrollutvalet	Fylkestinget	Sist endra	Merknad
Sekretariatet for kontrollutvalet							
Forvaltningsrevisjon av NDLA – 2				20.12.16.	7.-8.3.		
Forvaltningsrevisjon minoritetsspråklege elevar				8.5.	13.-14.6.		
Selskapskontroll Hordaland Teater				8.5.	13.-14.6.		

Notat

Dato: 23.11.2016
Arkivsak: 2016/9382-17
Saksbehandlar: ariseks

Til:	Fylkeseldrerådet
Frå:	Fylkesrådmannen

Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken er ei nasjonal kultursatsing som har som mål å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre, la gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk, og leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren.

Den kulturelle spaserstokken blir finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet og Kulturdepartementet i fellesskap. I 2015 vart det sett av 30,8 millionar kroner på nasjonalbudsjettet til den kulturelle spaserstokken. Midlane blir utbetalt til fylkeskommunane og fordelt vidare til kommunane, som søker gjennom den fylkeskommunale stønadsordninga.

Kva kan støttast?

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling. 80 % av midlane blir basert på ei kvantitativ vurdering og at 20 % blir basert på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen (fordelingsnøkkel på 60%)
2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning (fordelingsnøkkel på 10 %)
3. Areal (fordelingsnøkkel på 10 %)

Kvalitativ vurdering:

- › Programinnhald
- › Nyskaping
- › Utvikling av program
- › Samarbeid

I dagens møte:

Spesialrådgjevar Marianne Ose Askvik og seniorrådgjevar Elin Molven Wilhelmsen frå Kultur- og idrettsavdelinga vil orientere fylkeseldrerådet om arbeidet med Den kulturelle spaserstokken og svare på spørsmål.



Notat

Dato: 25.11.2016
Arkivsak: 2016/9382-20
Saksbehandlar: ariseks

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om status for rekneskapen og andre mindre saker.

Leiar / sekretær vil gjere greie for status i rekneskap og budsjett for fylkeseldrerådet, samt evt andre orienteringssaker som er innkomne.



Arkivnr: 2016/9382-18
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	45/16	08.12.2016

Andre utkast til handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019

Samandrag

Fylkeseldrerådet vil gjennomgå andre utkast til handlingsplan i møtet og freiste å kome fram til endeleg tekst. Rådsmedlemene vert oppmoda om å formulere større endringsforslag skriftleg.

Forslag til vedtak

Saka vert framlagt utan forslag til vedtak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

HANDLINGSPLAN for Fylkeseldrerådet i Hordaland 2016-2017

INNHALD:

Eldrerådet sitt mandat.....side
Forord om Fylkeskommunen sine ansvarsområde.....side
Fylkeseldrerådet ; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen.side
1. Innanfor samferdsle.....side
2. Innanfor folkehelse og tannhelse.....side
3. Innanfor kultur.....side
4. Vidaregåande opplæring.....side
5. Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjonside
6. Eldre som ressurs..... side
7. Synleggjering av Fylkeseldrerådet side

FARGEKODAR:

Tekst som blir foreslått innteke ift førre utkast.

Tekst som blir foreslått å stryke ift førre utkast.

Fylkeseldrerådet sitt mandat

Eldrerådslova, kap. II, § 7:

- Eldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen.
- Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før fylkestinget handsamar sakene.
- Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.
- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.
- Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei fylkeskommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Fylkeseldrerådet; eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet ønskjer å vera eit reelt rådgivings- og samarbeidsorgan for fylkeskommunen.

A For å oppnå dette må **budsjettet bli lagt fram for fylkeseldrerådet i god tid. Likeins** må rådet få tidleg kunnskap om planarbeidet i fylkeskommunen og kjennskap til når sakene skal handsamast i dei politiske organa. Fylkeseldrerådet vil difor krevja å bli tidleg informert om planane HFK har når det gjeld alle HFK sine ansvarsområde, som er:

1. Samferdsle
2. Folkehelse
3. Tannhelse
4. Vidaregåande opplæring
5. Kultur

B. Fylkeseldrerådet vil også på eige initiativ gi innspel og kommentarar på område som fylkeseldrerådet meiner er viktige for dei eldre i Hordaland.

1. Samferdsle

- a. Fylkeseldrerådet vil ha særleg merksemd på ordningane for kollektivtrafikken i fylket, både når det gjeld lokaltrafikken i kommunane og langdistansetrafiikk over kommunegrensene, med særleg fokus på:

- a) Skyss sine tilbod både når det gjeld ruteopplegget, informasjonen til brukarane og tilrettelegging for eldre og funksjonshemma.
- b. Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle vegplanar inneheld punkt om at
 - a) det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes som vegen blir bygd.
- C Fylkeseldrerådet vil arbeida for at *universell utforming* også må gjelda for
 - a) innreiing av dei kollektive transportmidla som fylket har ansvaret for
 - b) tilkomst til alle fylkeskommunale bygg
 - c) deltaking i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt
 - d) arbeid for at turområde vert tilrettelagde for rørslehemma slik at dei kan koma seg ut i naturen på eiga hand eller ved hjelp av medhjelpar.
- D Fylkeseldrerådet vil
 - a) arbeida for at punkt 12 i "Retningsliner for Transportordninga for funksjons hemma i Hordaland" (TT-kort) vert endra, slik at brukararar som er innvilga TT-kort ikkje misser dette, sjølv om dei vert innlagde i institusjon.

Fylkeseldrerådet meiner at det ikkje er berre rullestolsbrukarar og blinde/ sterkt vaksynte som har behov for å delta i (til dømes private) sosiale samanhengar utanom institusjonen utan å vera avhengig av transport frå pårørande eller andre privatpersonar.

2. Folkehelse og tannhelse

Folkehelse:

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at fylkeskommunen

- a) halde seg orientert om utviklinga i fylket når det gjeld helsetiltak for eldre.
- b) oppmoda fylkeskommunen om å gi økonomisk støtte etter søknad til kommunale eldreråd eller organisasjonar som vil starta aktivitetstiltak for eldre.

Fylkeseldrerådet vil

- a vera representert i brukarutvala for sjukehusa i fylket
- b samarbeida med fylka Sogn og Fjordane og Rogaland om representasjon regionsvis i helseføretaka.

Tannhelse

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at

- a) tannhelsetenester kjem inn under dei same reglane som helsetenester elles, til dømes når det gjeld eigenandelar og refusjonar.
- b) ordninga med fylkeskommunal tannhelseteneste må oppretthaldast.
- c) talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar ikkje blir redusert, men heller blir auka, særleg i distrikta.

- d) det blir oppretta ambulerande tannklinikkar i distrikta.
- e) alle eldre over 75 år får tilbod om gratis tannkontroll og behandling i det fylkeskommunale tannhelsesystemet sjølv om dei ikkje mottek anna hjelp, som til dømes heimesjukehjelp, gjennom det offentlege.

3. Kultur

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at

- a) det blir avsett tilstrekkelege midlar til den kulturelle spaserstokken slik at institusjonar **og andre som arbeider for eldre** kan gi sine bebuarar kulturtilbod.
- b) at eldre og funksjonshemma kan få delta i kulturtilbod der dei bur **(også på institusjonar)**.
- c) det blir lagt tilrette for at eldre og rørslehemma kan koma seg ut i naturen og fram til fritluftstilbod
- d) det blir avsett midlar til å støtta opp om friviljuge organisasjonar som arbeider for eller organiserer eldre.

4. Vidaregåande opplæring

Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at fylkeskommunen

- a) gir tilstrekkeleg utdanningstilbod innanfor område som er relevante for å få nok personell i eldreomsorga, til dømes i helse- og sosialfag
- b) tilbyr lærlingplassar i sine verksemdar, slik at elevane får fullført utdanning i t.d. sosial- og helsefag
- c) fylkeskommunen oppfordrar kommunane og helseføretaka til å tilby lærlingplassar innan til dømes sosial- og helsefag i kommunale verksemdar
- c) gir tilbod til vaksne, slik at personar som er i arbeid i helse- og sosialfagområdet, men ikkje har formell utdanning, kan få fagbrev eller annan dokumentasjon på kompetansen sin.

5 Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon

- A) Fylkeseldrerådet vil halda seg orientert om utviklinga innanfor eldreomsorga generelt og eldreomsorgsteknologien spesielt, både i Noreg og i Europa ved å
 - a) delta på, kurs som HiB arrangerer.
 - b) delta på felles samling for fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane og Rogaland.
 - c) delta på **Landskonferanse** for alle fylkeseldreråd i Noreg.
 - d) delta på studietur saman med **nabo** fylka. **i nord og sør**.

- B Fylkeseldrerådet vil formidla ny kunnskap innanfor eldreomsorga og eldrepolitikken ved å
 - a) arrangera årlege konferansar for alle kommunale eldreråd i Hordaland fylke.
- C Fylkeseldrerådet vil medvirka til at dei kommunale eldreråda vært informerte om
 - b) informasjon frå Statens Seniorråd.
- D Fylkeseldrerådet vil
 - a) vera pådrivar for at dei kommunale eldreråda tar initiativ for å halda regionale samlingar.
 - b) halda sitt møte i ein av regionane ein eller to gonger i året.

6 Eldre som ressurs

Fylkeseldrerådet vil:

- 1 arbeida for å synleggjóra
 - a) eldre sin kompetanse
 - b) eldre som ressurspersonar
- 2 oppmuntra eldre til å ta på seg ulike offentlege verv

7 Synleggjering av Fylkeseldrerådet

- Fylkeseldrerådet vil arbeida for å gjera rådet meir synleg ved å
- a ta meir kontakt med media.
 - b leggja fram eigne saker for dei politiske organa i fylket.

Arkivnr: 2016/9382-19
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	46/16	08.12.2016

Landskonferanse for fylkeseldreråd, Ålesund 22.-24. mai 2017**Samandrag**

Landskonferanse for fylkeseldreråd vert arrangert i Ålesund 22.-24. mai 2017. Dette er årvisse konferansar der vertskapet går på omgang mellom dei fylkeskommunale eldreråda i Noreg. Konferansen spelar ei viktig rolle i høve til å ta opp og diskutere nasjonalt viktige tema som vedkjem eldre, og er eit viktig input til fylkeseldrerådet sitt arbeid i Hordaland.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å vera representert på Landskonferansen for fylkeseldreråd i Ålesund 22.-24. mai 2017, med dei medlemene som har høve til å reise.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

PS 47/16 Ymse